



Saksframlegg

Vår ref. 24/3198 - 2
Sakshandsamar Ivar Ulgenes
Dato 17.10.2024

Saksnr.	Utval	Møtedato
24/129	Eidfjord kommunestyre	28.10.2024

Ny forvaltningsplan og endring av verneforskrifta for Hardangervidda verneområde

Rådmannen sitt framlegg til vedtak

Eidfjord kommune gjev si støtte til at det vert vurdert endringar i verneforskrifta til Hardangervidda nasjonalpark, samt Skaupsjøen/Hardangerjøkulen landskapsverneområde, samstundes som det vert utarbeida ein ny forvaltningsplan.

Støtta forutsetter at intensjonen og lovnaden ved opprettelsen av vernet vert førande for arbeidet og kjem klart fram i endra forskrift og forvaltningsplan. Vidare forutsetter det at rammevilkår for grunneigarar, rettighetshavera og lokale brukarinteresser styrkas når det gjeld moglegheit for drift av eigedom, samt hausting, næring og landbruksdrift. Tilrettelegging for organisert og næringsmessig friluftaktivitetar skal ikkje prioriterast eller gå på bekostning av lokale brukarar og rettighetshavarar.

Eidfjord kommunestyre 28.10.2024

Handsaming

Røysting:

Rådmannen sitt framlegg til vedtak vert samrøystes vedteke.

KST - 24/129 vedtak

Eidfjord kommune gjev si støtte til at det vert vurdert endringar i verneforskrifta til Hardangervidda nasjonalpark, samt Skaupsjøen/Hardangerjøkulen landskapsverneområde, samstundes som det vert utarbeida ein ny forvaltningsplan.

Støtta forutsetter at intensjonen og lovnaden ved opprettelsen av vernet vert førande for arbeidet og kjem klart fram i endra forskrift og forvaltningsplan. Vidare forutsetter det at rammevilkår for grunneigarar, rettighetshavera og lokale brukerinteresser styrkas når det gjeld moglegheit for drift av eigedom, samt hausting, næring og landbruksdrift. Tilrettelegging for organisert og næringsmessig friluftaktivitetar skal ikkje prioriterast eller gå på bekostning av lokale brukarar og rettighetshavarar.

Vedtak skal sendast til:

Statsforvaltaren i Vestland.

Endeleg avgjerd i:

Kommunestyret.

Saka gjeld:

Dei tre Statsforvaltarane og dei tre fylkesvise Tilsynsutvala som forvaltar Hardangervidda nasjonalpark, Skaupsjøen/Hardangerjøkulen landskapsverneområde og Møsvatn Austfjell landskapsverneområde, varsla i brev datert 11.09 oppstart av arbeidet med å revidera forvaltningsplanen for verneområda. Forvaltningsplanen skal gje klare retningslinjer for korleis verneforskriftene skal følgjast opp. Verneforskriftene viser og fleire stader til at forvaltningsplanen skal utdjupe forskriftene. Forvaltningsplanen skal innehalde besøksstrategi som seier korleis vernestyresmakta skal handtere ferdsel til verneområda på ein måte som ikkje er til skade for verneverdiane.

I Stortingets handsaming av villreinmeldinga, og gjennom arbeidet med tiltaksplan for villrein på Hardangervidda, er det føreslått fleire endringar i verneområdet på Hardangervidda for å kunne ivareta villreinen på ein betre måte. Det er ynskjeleg å vurdere desse endringane som ein del av arbeidet med forvaltningsplanen, og foreslå endringar som er naudsynte.

Aktuelle endringar nemt i brevet er:

- Vurdere å innarbeide villrein som ein del av verneformålet for alle verneområda, i samsvar med Stortinget si handsaming av villreinmeldinga. For landskapsverneområda bør det vurderast å leggje til biotopvern for villrein i tillegg til landskapsvern.
- Vurdere om Møsvatn/Austfjell landskapsverneområde bør endrast til nasjonalpark.
- Endre reglane om ferdsel i verneforskriftene, i tråd med naturmangfoldlova sine reglar om ferdsel i nasjonalpark og landskapsvernområde. I dag er det avvik.
- Vurdere å justere grensa for nasjonalparken i Veigdalen, og vurdere å utvide nasjonalparken med delar av kalvingsområde i Telemark.
- Vurdere heimel for å kunne regulere kiting, hundekøyring og annan ferdsel som ikkje er til fots, når det kan vera til skade for verneverdiane.
- Vurdere betre heimel for å regulere all ferdsel i særleg sårbare områder.
- Vurdere heimel for å kunne regulere opningstider for turisthytter i nasjonalparken.

- Vurdere om gjeldande reglar som stiller krav til samordning av transport er hensiktsmessig.
- Vurdere om einskilde traktorsleper bør stengjast for sykling.
- Vurdere om gjeldande reglar om forbod mot oppstilling av campingvogner o.l langs Rv7 og ved Byen er hensiktsmessig. Dette etterlevast ikkje i dag.
- Vurdere einskilde mindre endringar i reglane om motortransport i nasjonalparken, der reglane har synt seg å vera avgrensande for naudsynt transportføremål.
- Vurdere om forvaltningsplanen bør opna for faste landingsplassar for helikopter for uttransport av felt villrein, slik det er for bruk av sjøfly på faste landingsvatn.
- Vurdere om avgrensingar i motorstorleik ved bruk av motorbåt er hensiktsmessig, i dag er det stort sett 10 hk.
- Einskilde presiseringar for bruk av Tinnhølvegen i nasjonalparken, fram til Byen.

Dei er og opne for å vurdere andre godt grunngjevne forslag til endringar i verneforskriftene.

Statsforvaltaren i Vestland er ansvarlig for arbeidet, og vil lage ei styringsgruppa saman med dei to andre Statsforvaltarane, og dei tre tilsynsutvala. Det vert og nedsatt ei prosjektgruppe som får i oppgave å diskutere forslag frå sekretariatet, samt leggja fram forslag til forvaltningsplan og verneforskriften, for styringsgruppa. Prosjektgruppa sine medlemmer er sagt å vera:

- Representant frå Statsforvaltaren i Vestland.
- Representant frå Statsforvaltaren i Vestfold og Telemark.
- Representant frå Statsforvaltaren i Østfold, Buskerud, Oslo og Akershus.
- Representant frå Tilsynsutvalet i Vestland.
- Representant frå Tilsynsutvalet i Buskerud.
- Representant frå Tilsynsutvalet i Telemark.
- Representant frå Villreinnemda for Hardangerviddaområdet.
- Representant frå Statsforvaltarane sin landbruksavdeling.
- Representant frå Fylkeskommunanes kulturminneavdeling.
- Leiar av Hardangerviddarådet.
- Representant frå Hardangervidda grunneigarskipnad.
- Representant frå DNT.
- Representant frå Fjellstyra på Hardangervidda.
- Representant frå dei private turisthyttene.

Vurdering:

Dagens forvaltningsplan er frå 2011, og var berre ei revidering av forvaltningsplanen frå 2003. Forvaltningsplanen er difor lite tilpassa dagens bruk, problemstillingar, og utfordringar. Det er difor naudsynt med ein ny forvaltningsplan, som bedre ivaretar verneverdiane, samt villreinen. Spesielt utfordrande er forvaltning av friluftsliv, sidan dagens forvaltningsplan og verneforskrift ikkje er tilstrekkeleg. Lokalt er det ei klar oppfatning av at grunneigarinteressene og lokale brukarinteresser knytta til jakt, fiske og landbruksnæring i liten grad er ivaretatt i dagens verneforskrift, forvaltningsplan, og forvaltningspraksis. Dette samsvarar lite med det som vart lova med opprettinga av vernet. Private rettighetshavera og bruksberettiga på statsallmenninga skulle ikkje verta pålagt unødige avgrensingar, men få gode rammevilkår for vidare drift og

næringsmessig utnytting av eigedommane. Det er i dag tydelig at fleirtalet av rettighetshavera, fjellstyrer, og lokale brukarinteresser opplever vernet og forvaltningspraksis har gjeve store avgrensingar og få moglegheiter, medan turisme og friluftsferdsl har fått utvikla seg fritt utan regulering. Dette har ført til store utfordringar for villreinen, grunna det fører til barriere og unnvikelseseffektar.

I ein ny forvaltningsplan er det viktig at det vert laga gode rammevilkår som sikrar lokale brukarar og rettighetshavarar sine moglegheiter til utøving av jakt, fiske og landbruksnæring, samt drift og vedlikehald av sine eigedommar. Kommunen meiner og at det er naudsynt å endre på grensa til verneområdet kring Vivali. Her er det fleire stølshus/fritidsbustadar som ligg innanfor verneområdet, men særst nær grensa. Dette fører til store utfordringar for rettighetshavarane, samt forvaltninga.

Rådmannen meiner det er positivt at det vert utarbeida ein ny forvaltningsplan, framfor å revidere den eksisterande. Det er då naudsynt å samtidig gjere endringar på verneforskrifta. Tydelige føringar i forvaltningsplanen som er godt heimla i verneforskrifta er naudsynt for ei framtidig god forvaltning og bruk av verneområdet. Det er foreløpig ikkje tatt stilling til konkrete endringar, og støtta til arbeidet føreset at kommunen, samt lokale brukarar og rettighetshavarar, vert aktivt involvert i arbeidet framover.